

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 06.12.2016

Sak nr.: 15/8600-74

Internt l.nr.: 42178/16

Sak: 54/16

Tittel: Fylkesdelplan arealbruk

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekklister i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget vedtek fylkesdelplanen med unntak av punkt 3.4., andre avsnitt. Dette avsnittet blir teke ut av planen, jfr. Plan- og bygningslovas § 8-4, samt ei rekke nasjonale føresegner.

Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget syner til at Fylkesdelplan for arealbruk (no regional plan) skal reviderast i 2018. Fylkestinget føreset at føresegna blir revidert på nytt i samband med dette, særleg med omsyn til ikkje å vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Avrøysting:

Framlegget frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 12 røyster og vart forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 19 røyster.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekklister i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.

Fylkestinget syner til at Fylkesdelplan for arealbruk (no regional plan) skal reviderast i 2018.

Fylkestinget føreset at føresegna blir revidert på nytt i samband med dette, særleg med omsyn til

ikkje å vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.